



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Kontakt saksbehandlar

Anne-Britt Halonen, 51 56 89 04

## Informasjon om ordinært skjønnstilskot for 2021 og ekstra skjønnstilskot som følge av koronautbrotet

I dette brevet gjer Fylkesmannen greie for dei ulike søknadsfristane for ordinært skjønnstilskot for 2021, ekstra skjønnstilskot som følge av koronautbrotet og rest/kriseskjønn for 2020.

### Ordinært skjønnstilskot for 2021

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) fordeler kvart år ein del av rammetilskotet til kommunar etter skjønn. Skjønnstilskotet skal kompensera kommunar for lokale forhold som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet, og bidra til fornying og utvikling.

I Stortinget si behandling av kommuneproposisjonen fekk KMD fullmakt til å fordela 1 377 mill. kroner i skjønnstilskot for 2021 til kommunar og fylkeskommunar. Hovudfordelinga av skjønnsmidlar gjennomførast om hausten, i samband med statsbudsjettet.

Fylkesmannen sin fordeling av skjønnstilskotet skal vere basert på dialog med kommunane. Innspel frå kommunane er viktig for å oppnå ei så god tildeling som råd. Innspel og søknader frå kommunane bidrar til å oppdatere Fylkesmannen sin kjennskap til kommunane og lokale utfordringar. Fylkesmannen ber alle kommunar som kan peike på spesielle, lokale forhold som ikkje blir fanga opp av inntektssystemet eller andre ordningar, om å gjera dette skriftleg. Skjønnstilskot for 2021 blir berre vurdert tildelt til kommunar som har oppdaterte innspel innan søknadsfristen.

Nedtrapping av DA-kompensasjon har blitt gjennomført frå 2015, og skal trappast vidare ned for 2021. Kommunane dette gjelder for trenger ikkje levere søknad/innspel.

### Språkdeling

I opplæringslova § 2-5 heter det: «Når minst ti elevar på eitt av årstrinna 1-7 i ein kommune ønskjer skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, har dei rett til å tilhøre ei eiga elevgruppe.» Utdanningsdirektoratet har presisert at retten til opplæring i eiga gruppe gjeld skriftlege fag og fag med stor grad av skriftleg innhald ([lenkje](#)).



Skjønnstilskot kan tildelast for å kompensere for meirutgifter til språkdeling, altså dei tilfella kor det er oppretta fleire elevgrupper enn det skulane hadde behøvd dersom alle hadde same målform. For 2021 vil Fylkesmannen samkøyre tildeling av skjønnstilskot relatert til ekstra språkdelingsklasser med den ordinære prosessen for fordeling om hausten. Dette er eit tiltak som skal styrka den heilskaplege vurderinga KMD krev at ligg til grunn for skjønnsfordelinga. Kommunar som opplever meirkostnadar som følgje av ekstra språkdelingsklasser må derfor, i motsetning til tidlegare år, levere inn skriftlege innspel innan den ordinære fristen.

I søknaden må kommunen dokumentere at det er oppretta ekstra grupper på grunn av målform. Eksempel på dokumentasjon kan vere timeplanar med romplassering, utgreiing av organisering mm.

### Annan informasjon

Som grunnlag for søknad og meir informasjon om skjønnstilskot viser vi til:

- Brev av 7. februar 2020 frå Fylkesmannen i Rogaland (sjå vedlegg)
- Kap 5 i kommuneproposisjonen 2021, Prop 105 S , om skjønnstilskotet. Kommuneproposisjonen blei behandla i Stortinget 17. juni 2020.
- Retningslinjene frå KMD til fylkesmennene for tildeling av skjønnstilskot. Retningslinjene for 2021 blir publisert ved framlegging av statsbudsjettet.

Frist for å melde inn skriftlege innspel/søknad om ordinært skjønnstilskot er 30. august 2020.

### **Ekstra skjønnstilskot som følge av koronautbrotet**

Fylkesmannen har ikkje bestemt nøyaktig fordelingsmodell for ekstra skjønnstilskot som følgje av koronautbrotet. Søknader og innspel vil takast omsyn til, men det blir òg vurdert å fordela ein del av skjønnstilskotet til kommunane etter ein fordelingsnøkkel.

### Allereie tildelte midlar

I Prop. 52 S (2019-2020) auka skjønnstilskotet til kommunane med 250 mill. kroner på landsbasis som følgje av koronautbrotet. Av dette blei 17,881 mill. kroner fordelt frå KMD til kommunane i Rogaland. Midlane blei fordelt til kommunane av Fylkesmannen i brev av 30. mars 2020.

### Ekstra skjønnstilskot til kommunar som har hatt meirutgifter som følgje av koronautbrotet

I Prop. 67 S kom det ei ny auke av skjønnstilskotet til kommunane med 150 millionar på landsbasis. KMD fordelte ut 200 mill. kroner, desse nye 150 millionane + dei 50 millionane som var heldt igjen frå førre løyving. Summen til Rogaland blei lik som sist, 17,881 mill. kroner, som skal fordelast til kommunane av Fylkesmannen.

Desse midlane skal gå til kommunar som har hatt meirutgifter i forbindelse med koronautbrotet. Formålet er blant anna å dekke utforutsette hendelser i kommunane.

Søknadsfrist for skjønnstilskot til meirutgifter som følgje av koronautbrotet er 30. september 2020.



## Ekstra skjønnstilskot til smittevern

Stortinget har nyleg vedtatt forslaget i Prop. 127 S (2019-2020) om å auke skjønnstilskotet til kommunane med 400 mill. kroner, for å dekke utgiftene til smittevern i det kommunale tenestetilbodet. Midlane skal gå til kommunar med særskild store utgifter til smittevern, for eksempel innanfor omsorgstenesta, barnehage eller skole. KMD har fordelt midlane i kroner per innbyggjar, med differensierte satsar der det er tatt omsyn til den kumulative smittesituasjonen i fylket, per uke 23. Av desse midlane har KMD fordelt 33,3 mill. kroner til Rogaland.

Søknadsfrist for skjønnstilskot til smittevern er 30. september 2020. Kommunar som får tildelt skjønnstilskot til smittevern skal levere ein enkel rapport på kostnadene og bruken av midlane i etterkant.

## **Restskjønn/kriseskjønn**

I tråd med føringar frå departementet har Fylkesmannen for 2020 halde tilbake deler av skjønnsramma til fordeling gjennom året. Dette utgjør 5,9 mill. kroner. Desse midlane skal bidra til å ivareta kommunar som opplever uventa og ekstraordinære økonomiske utfordringar gjennom året, inkludert naturskade.

Kommunane kan melde inn om behov for tilskot til uventa økonomiske utfordringar innan 30. september 2020. Viss ikkje midlane vert prioritert til andre uventa økonomiske utfordringar vil dei bli slått saman med tildelinga av skjønnstilskot som følgje av koronautbrotet.

## **Om søknadsprosessen**

Oppsummert er det to søknadsfristar for kommunane å forhalda seg til:

- 30. august er frist for å melde inn skriftleg innspel til ordinært skjønnstilskot 2021
- 30. september er frist for å søke om skjønnstilskot relatert til koronautbrotet eller andre uventa økonomiske utfordringar.

I søknaden om skjønnstilskot knytt til koronautbrotet er det viktig at kommunen gjer greie for kor stor del av beløpet som dreier seg om dekking av utgifter til smittevern og kor stor del som dreier seg om andre meirutgifter.

Søknader og innspel sendast til [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no).

Med helsing

Lone Merethe Solheim  
fylkesmann

Jan Petter Stangeland  
ass. avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## Vedlegg

## 1 Brev av 7. februar 2020: Orientering om skjønnstilskotet 2020-2021

## Adresseliste:

Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Hå kommune	Postboks 24	4368	Varhaug
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane